



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
23.06.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/7801
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Melding om tilsyn med Radøy kommune 9.-10. september 2014 - kommunens løpande oversikt over helsetilstand og faktorar som påverkar folkehelsa

I 2014 skal Fylkesmennene etter oppdrag frå Helsetilsynet føre tilsyn med kommunens folkehelsearbeid.

Fylkesmannen i Hordaland melder med dette tilsyn med Radøy kommune 9.-10. september 2014. Tilsynet blir utført med heimel i folkehelselova § 31, jamfør kommunelova kapittel 10A.

Tema for tilsynet er om kommunen har tilrettelagt og er komen i gang med arbeidet med løpande oversikt over folkehelsa, jamfør folkehelselova §§ 5, 30, jf. § 27 og forskrift om oversikt over folkehelsen §§ 3 og 4.

I samband med tilsynet vil vi også kartleggje kor langt kommunen er komen i det tverrsektorielle arbeidet med å innhente, vurdere og analysere informasjon frå aktuelle og relevante kunnskaps-/datakjelder og dokumentere oversikta på ein tenleg måte.

Tilsynet og kartlegginga blir gjennomført ved dokumentgjennomgang og samtalar med leiarar og tilsette i forskjellige etatar og tenester i kommunen.

Vi ber om at rådmann, kommunalsjefar og einingsleiarar blir informerte og set av datoane 9. og 10. september.

For vidare planlegging av tilsynet ber vi om å få oppgitt namnet på ein kontaktperson i kommunen innan 10. juli.

Så snart som råd og innan 5. august ber vi om å få tilsendt følgjande:

- Organisasjonskart for Radøy kommune
- Opplysningar om korleis kommunen har organisert arbeidet med å ha oversikt over folkehelsa, fordeling av oppgåver og eventuelt kven som koordinerer arbeidet
- Namn på tilsette som deltek i arbeidet med løpande oversikt
- Leiaravtalar/stillingsomtalar for kommunalsjefar, kommuneoverlege og planansvarleg
- Eventuelle dokument som omtaler mål og strategiar for folkehelsearbeidet
- Eventuelle dokument/rutinar for innhenting av opplysningar, vurdering og analyse av informasjon

- Eventuelle dokument/rutinar for å dokumentere og nytte vurderingane som grunnlag for tiltak
- Eventuelle planar og styrande dokument som kommunen meiner er relevante for tilsynet. Vi har kommunens planstrategi 2012-2016 og framlegg til kommuneplanens samfunnsdel 2011-2023.

Ver venleg å ta kontakt dersom de har spørsmål om tilsynet og kartlegginga. Kontaktpersonar er Grete Riise, fmhogri@fylkesmannen.no og Anne Grete Robøle, fmhoagr@fylkesmannen.no

Med helsing

Helga Arianson e.f.
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.